

SKUGGEBLIKK



FRÅ VENSTRE: Tor Sælthun (bror til skribenten), Karl eller Johan (det er litt uklart kven som var kven), Ole Sælthun (skribenten) og Lasse Sælthun (far til skribenten).

FOTO: KARL ELLER JOHAN.

Dette er det einaste eg verkeleg har sakna

Å TA godt tak rundt skuldra til ein korpulent, sveitt, langhåra svenske i baris er sommaridyll for meg.

ETTERSOM DET er kilometer til «naboane» og elles absolutt ingen fare for å koma nærare folk enn ein meter (om ein ikkje vil), har me vore relativt skåna for dei store koronakonsekvansane på Selto. Ja, nedstenginga av barnehagane våren 2020 var noko drit, eg sakna tilskodarane på dei få fotballkampane eg såg då og kunne ikkje fordra dette munnbindet – men eg vart ikkje deppa av det, akkurat.

FRÅVÆR AV metalfestivalar og -konserter, derimot – den har vore tung. Eg hadde billetter til både Sweden Rock Festival og Tons of Rock i 2020; det låg an til tidenes festivalsommar. I staden vart eg sitjande på sofaen med You Tube-klipp av godt vaksne som hoppa og herja med øl som spruta i alle retningar framfor ei scene der det rulla ut tunge riff og vrælande vokal. Drøymde attende til tida då slikt var lov og drøymde om at den tida ville koma attende.

DET GJEKK i dass i fjor også, men når me no skriv festivalsommaren 2022 er korona, metersregel og den alvorlege mina til Espen Nakstad allereie eit litt

fjernt minne. Så endeleg skal billettane frå 2020 effektuerast.

EG FORSTÅR at det er umogleg å forklara for ikkje-innvigde (dei som ikkje er interesserte i musikk og dei som høyrer på dritmusikk (som er ganske mange, sett frå min ståstad) kva som er så fantastisk med ein metalfestival. Men eg skal ta ei folkeleg tilnærming:

I 2002 reiste familien Ramshus Sælthun på familieferie til Finland, til Turku. Her fanst Mummiland som passa godt for brutteren (då 7). Så fanst Tuska Open Air ein togtur unna, i Helsinki. Det passa meg (då 17). Og fatteren (då 51). Og mutra (då 47).

FOR EG er liksom flaska opp på denne musikken. Når eg vakna i halv 6-draget som tre-fireåring var den mest effektive måten for trøyte småbarnsforeldre å få eit par timar søvn til på, å fyra opp ein VHS-kassett med opptak frå MTV. Alt då slukte eg musikkvideoar av Whitesnake, AC/DC, TNT, Iron Maiden og dei der. Det skal seiast at mutra og fatteren møttest på 70-talet med kvar si platesamling bestående av Deep Purple, Led Zeppelin, The Doors, Jimi Hendrix og tilsvarende, så dei hadde vel fått meg dit dei ville.

DIFOR BYTTE dei på under familieferien til Turku i 2002 – ein dag kvar med meg på metalfestival og brutteren i Mummiland. Og dette var saker – ein ting var å sjå headlinarane Nightwish (saman med fatteren) og Bruce Dickinson (saman med mutra) live, men ikkje minst var det alt det andre. Ho dama som gjekk med ein kjetting festa i naseringen til typen (som eg reknar med det var) gjorde usletteleg inntrykk.

SIDAN VART festivalsommar mi og fatteren si greie. Roskilde i 2003 med både Metallica og Iron Maiden, så Sweden Rock året etter med eit koppel av favorittar, som Judas Priest, Scorpions, Europe, In Flames, Children of Bodom og Nightwish (igjen). Kvar sommar i ti år reiste me på festival, oftast Sweden Rock – den passa oss på alle måtar.

SÅ HAR det vore litt til og frå på 2010-talet, av ulike årsaker, men før pandemien hogg tak hadde me tre somrar på rad på metalfestival att. Sjølv sagt fekk me brutteren på rett spor musikkmessig (sjølv om han har nokre håplause innsmett av EDM og slikt ræl på spelelistene sine), så han har stort sett vore med etter at han kom i høveleg alder.

UTANOM SJØLVE musikken handlar

det mykje om det – etter kvart mange og gode ferieminne på ein arena der heile familien har same preferanse. Ein arena der folk er akkurat den dei er; ein kan vera akkurat så mykje tulling som ein vil framfor ei scene på ein metalfestival. Her er det så mykje rare klesval, så mange ulike kroppsformer og så mykje teit headbanging frå folk i alle aldrar frå heile verda at ingen skil seg ut. Eg har aldri opplevd slagsmål eller liknande på dei nokon-og-tjue festivalturneane eg har vore. Aldri.

PLUTSELEG STÅR ein der med handa rundt ein korpulent svenske i baris og hoppa i lag med han ei stund. Så sjanglar me tre attende til eit rotete motellrom og ser fram til ein ny festivaldag, eller er litt sørgmodige fordi det var slutt for denne gong.

DENNE HELGA skjer det endeleg igjen, på Sweden Rock, sjølv sagt. Og fatteren (no 71) er med – tjue år etter familieferien til Turku kveikte festivaltrongen.



OLE RAMSHUS SÆLTHUN
ors@sognavis.no

JUBILANTAR

Søndag 12.06

80 år
Berit Laila Liøen Vethe, Lærdal
60 år
Olav Luggenes, Kyrkjebø
Øivind Nesse, Høyanger
50 år
Tove Ølnes, Sogndal
40 år
Angelica Ramsøy, Høyanger

Måndag 13.06

85 år
Edna Jevnaker, Årdalstangen
80 år
Ellis Nummedal, Vik i Sogn
75 år
Kirsti Grinde, Kaupanger
60 år
Anne Karin Buene, Aurland

40 år
Christian Lægheid, Årdalstangen
Christian Søreide, Øvre Årdal

Tysdag 14.06

90 år
Sigrun Seim, Vik i Sogn

60 år
Wijnand Jurrian Jongeneel, Hafslo
40 år
Kjetil Holen, Vik i Sogn
Eunsun Park, Sogndal
30 år
Lasse Hunshammer Haug, Årdalstangen